



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED LUS	
Informasjon om hovudlus.	Lusa er 2-3 mm store insekt. Den får næring ved å sugе blod. Egga vert klekte ut ei veke etter dei er lagde. Kløen er ein allergisk reaksjon, og kjem fleire veker etter ein er smitta. Levande lus kan vere vanskeleg å oppdage då dei «flyttar» seg fort og gøymer seg i håret. Egga er derimot lettare å sjå. Dei vert lagt tett inntil hovudbotn, særleg i nakken og bak øyro. Lusa limar egga til håret ved hårrota. Når hårstrået veks følgjer egga med. Ettersom håret veks ca. ein cm pr. mnd. vert egga meir synlege. Egga vert klekte etter ei veke, men eggeskala vert sitjande att i håret etter at luselarven er komen ut. Egg som sit ein cm. eller lenger ute frå hovudbotn vert rekna som døde, eller som klekte egg.
Kan barnet få lus fleire gonger?	Ja
Smittemåte	Hovudlus smittar fyrst og fremst ved hovudkontakt. For å formeire seg er lus avhengig av varme frå hovudbotn og tilførsel av næring fleire gonger pr. dag. Lus kan gå over i hovudplagg, skjerf, kammar og hårbørstar.
Symptom og teikn til smitte	Ein kan ofte påvise lus før ein har symptom! Det er viktig å vere klar over at ein kan ha lus utan å klø.
Tiltak ved utbrot av lus	Når det vert oppdaga lus på ein person, er det viktig at heile familien og andre moglege smitte- kontaktar vert undersøkte. Å kjemme i vått hår med lusekam er den mest effektive måten for å påvise hovudlus på. Tips til lusesjekken: 1. Kjem systematisk heile håret med lusekam. 2. Fuktig hår, hindrar lusa i å «flytte» seg så fort. 3. Plassér eit handkle over skuldrene, for å fange opp lus og egg som fell ned. 4. Etterpå må både handkle og kam vaskast på 60 gr. eller frysast ned i minst fire timer, for å drepe lus og egg. Meld frå til føresette til dine barn sine vener samt barnehage, SFO, skule og Helsestasjon-/skulehelsetenesta. BEHANDLING: Det er berre personar med påvist lus som skal behandlast. Det er ingen grunn til å halde barna heime frå barnehage eller skule mellom behandlingane. For å få bukt med luseplaga må vi be om at alle føresette regelmessig sjekkar barna sine med tanke på hovudlus. Preparat mot lus og lusekam får du kjøpt ved apotekutsal i butikk, legekantoret evt. ved anna apotek. Følg pakningsvedlegg! Hovudlus kan ikkje greie seg utan blod i meir enn eit døgn. Lus i gjenstandar og klede dør om dei ligg ubrukte i romtemperatur i to døgn. Lus dør raskt ved frysing (- 20 grader C), og oppvarming (60 grader C).
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barneha ge/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/hel se-og-miljo/insekter-og-skadedyr/hodelus	Er du i tvil om det er lus, eller har spørsmål, kan du kontakte lege eller helsesjukepleiar. I Solund kommune deltek vi på lusekampanje i veke 10 og 35.

SOLUND KOMMUNE